



MØTEPROTOKOLL

Utval: Formannskapet
Møtedato: 22.02.2018
Møtetid: Kl. 17:55 - 19:15
Møtestad: Kommunehuset

Av 9 medlemmer møtte 9, inkludert varamedlemmer.

Medlemmer møtte:	Parti:
Aadland, Nils	A
Øystese, Olaug Karin	A
Frøland, Knut Harald	BL
Tveit, Lena	BL
Haga, Odd Arne	FRP
Røen, Arild	H
Aasgaard, Inge	KRF
Røen, Øyvind	SP
Tjønnå, Monica	SP

Møtenotater:

Andre som var til stades på møtet:

- Rådmann Charlotte Hageberg
- Assisterande rådmann Hilde-Lill Våge
- Rådgiverar Jan Erik Boge

Møteleiar:	Frøland, Knut Harald
Møtesekretær:	Boge, Jan Erik

Underskrift frå utvalsleiar og møtesekretær:

Tysse, 01.03.2018

Frøland, Knut Harald
ordførar

Boge, Jan Erik
rådgjevar

Desse sakene vart handsama:

Sakliste

Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
006/2018	18/171	Faste saker	
007/2018	11/333	Vegtilkomst til Économusée Fjordtønna	
008/2018	18/50	Uttale til konsesjon og ekspropriasjon for ny transformator ved Samnanger transformatorstasjon	

SAKNR. 006/2018: Faste saker

22.02.2018 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Godkjenning av innkalling og sakliste:

Ordfører Knut Harald Frøland orienterte om ønske om å ta opp ei tilleggssak om uttale til konsesjon for ny transformator ved Samnanger transformatorstasjon. Kommunen sin uttalefrist i saka er 23.02.2018. Sakspapira for denne saka vart sendt ut rett før møtet, under kommunestyremøtet 22.02.2018.

Olaug Øystese (Ap) bad om gruppemøte.

Etter gruppemøtet orienterte Olaug Øystese om at hennar gruppe ville gå imot at saka vart handsama i formannskapet 22.02.2018. Bakgrunnen for dette var at saka var sendt ut så seint og at det derfor ikkje var mogleg å setja seg inn i saka eller å få diskutert den i partiet.

Etter debatt i møtet bad Nils Aadland (Ap) om nytt gruppemøte.

Etter gruppemøtet foreslo Nils Aadland (Ap) at formannskapet gir administrasjonen fullmakt til å gje uttale i saka.

Etter ny debatt i møtet bad Olaug Øystese om nytt gruppemøte.

Etter gruppemøtet orienterte Inge Aasgaard (Krf) om at gruppa hans ville støtta at saka kjem på saklista, under føresetnad av at vedtaket vert at formannskapet gir administrasjonen fullmakt til å gje uttale i saka. Formannskapet slutta seg samrøystes til at saka kjem på saklista, på det vilkåret som Inge Aasgaard hadde sett fram krav om.

Protokoll frå førre møte:

Det var ingen merknader til protokollen frå førre møte.

Orienteringssaker:

Søknadsfrist for tilskot til tilskipingar

Rådgevar Jan Erik Boge orienterte om at det på neste møte i formannskapet vil koma opp ei sak om revisjon av kommunen sine retningslinjer for tildeling av kulturmidlar. Han orienterte vidare om søknadsfrist for kulturmidlar for 2018 vart kunngjort i Samningen 22.02.2018, og at det der er sett same søknadsfrist (20.03.2018) for alle typar av kulturmidlar, inkludert tilskot til tilskipingar.

Varsel om søksmål Krekavegen

Ordfører Knut Harald Frøland (Bl) orienterte om at kommunen har fått varsel om søksmål frå bebuarar i Krekavegen. Det vert møte mellom kommunen og partane i 16.03.2018.

Varsel om søksmål frå Rolvsvåg Industrihamn

Ordfører Knut Harald Frøland (Bl) orienterte om at kommunen har fått varsel om søksmål frå Rolvsvåg Industrihamn. Assisterande rådmann Hilde-Lill Våge orienterte om at det til saman er varsla to søksmål frå Rolvsvåg Industrihamn.

Mogleg IKT-samarbeid med IKT Nordhordland

Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) orienterte om at rådmannen vil gjennomføra eit forprosjekt om mogleg samarbeid med IKT Nordhordland om IKT-drift, og at saka vil koma til politisk handsaming dersom administrasjonen etter forprosjektet meiner at samarbeid kan vera aktuelt.

Utvalet sitt kvarter:

Ingen saker.

FORM- 006/2018 Vedtak:

Møteinnkallinga og saklista vert godkjent.

Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

Tilleggssak om uttale til konsesjon for ny transformator ved Samnanger transformatorstasjon vert sett på saklista.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent.
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

SAKNR. 007/2018: Vegtilkomst til Économusée Fjordtønna

22.02.2018 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Inge Aasgaard (Krf) sette fram følgjande framlegg til vedtak:

"Formannskapet ber administrasjonen innhenta juridisk vurdering av Samnanger kommune sitt ansvar og forpliktingar i denne saka. Frist for å få vurderinga gjennomført er sett til 15/4-2018."

Monica Tjønnå (Sp) bad om gruppemøte.

Etter gruppemøtet sette Øyvind Røen (Sp) fram følgjande framlegg til vedtak:

"Rådmannen ber KS gje ei vurdering av i kva grad Samnanger kommune har teke på seg juridisk bindande forpliktingar til å utbetra vegen til fram til Économuséet Fjordtønna. I denne vurderinga må òg rolla og ansvaret til tidlegare ordførar Marit A. Aase klargjerast. Vurderinga må vera ferdig til 1. april."

Etter debatt i møtet orienterte Øyvind Røen om at namnet til tidlegare ordførar om ønskeleg kunne takast vekk frå vedtaksframlegget hans.

Olaug Øystese (A) forerslo å senda saka over til kommunestyret. Det vart ikkje røysta over dette forslaget.

Øyvind Røen bad om gruppemøte.

Etter gruppemøtet sette Øyvind Røen fram følgjande reviderte framlegg til vedtak:

"Rådmannen ber KS gje ei vurdering av i kva grad Samnanger kommune har teke på seg juridisk bindande forpliktingar til å utbetra vegen fram til Économuséet Fjordtønna. I denne vurderinga må òg rolla og ansvaret til dei ulike partane i saka vurderast Vurderinga må vera ferdig til 1. april."

Det vart til slutt røysta over framlegga frå Øyvind Røen og Inge Aasgaard. Framlegget til Øyvind Røen fekk 5 røyster og vart vedteke. Framlegget til Inge Aasgaard fekk 4 røyster.

For Øyvind Røen (Sp) sitt framlegg	For Inge Aasgaard (Krf) sitt framlegg
Øyvind Røen (Sp)	Inge Aasgaard (Krf)
Knut Harald Frøland (Bl)	Arild Røen (H)
Lena Tveit (Bl)	Nils Aadland (A)
Monica Tjønnå (Sp)	Olaug Øystese (A)
Odd Arne Haga (Frp)	

FORM- 007/2018 Vedtak:

Rådmannen ber KS gje ei vurdering av i kva grad Samnanger kommune har teke på seg juridisk bindande forpliktingar til å utbetra vegen fram til Économuséet Fjordtønna. I denne vurderinga må òg rolla og ansvaret til dei ulike partane i saka vurderast Vurderinga må vera ferdig til 1. april.

01.02.2018 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Inge Aasgaard (Krf) spurde om det er gjort ei juridisk vurdering av spørsmålet om eventuell plikt for kommunen knytt til utbetring av vegen. Jan Erik Boge viste til saksutgreiinga, der det går fram at det ikkje er gjort ei ekstern juridisk vurdering, men at ei slik vurdering kan gjerast dersom politisk nivå i kommunen ønskjer det.

Lena Tveit (Bl) sette fram følgjande framlegg til vedtak:

Formannskapet ber kontrollutvalget vurdere saka i kva grad Samnanger kommune har påtatt seg juridiske forpliktelser, og vurdere tidligare ordførar si rolle i saka. Samnanger kommune skal i tida fram til neste politisk behandling forsette dialog med Norges vel, samt arbeida for å prøva å få tilskot frå andre instansar til utbedring av vegen.

Inge Aasgaard (Krf) sette fram følgjande framlegg til vedtak:

Formannskapet ber kontrollutvalget vurdere saka i kva grad Samnanger kommune har påtatt seg juridiske forpliktelser.

Samnanger kommune skal i tida fram til neste politisk behandling forsette dialog med Norges vel, samt arbeida for å prøva å få tilskot frå andre instansar til utbedring av vegen.

Olaug Øystese (A) sette fram følgjande framlegg til vedtak:

Adm. går vidare med utgreiing av vegløyisinga opp til Fjordtønna. Ein tek kontakt med lokale entreprenørar for å få eit overslag over løysingar og event.kostnadar med prosjektet.

Øyvind Røen (Sp) bad om gruppemøte.

Etter gruppemøtet trekte Inge Aasgaard det første framlegget sitt, og sette fram følgjande nye framlegg til vedtak:

Formannskapet ber administrasjonen innhenta juridisk vurdering av Samnanger kommune sitt ansvar

og forpliktingar i denne saka. Frist for å få vurderinga gjennomført er 20.mars 2018.

Olaug Øystese trekte framlegget sitt.

Ved røystinga fekk Lena Tveit sitt framlegg 5 røyster og vart vedteke. Inge Aasgaard sitt framlegg fekk 4 røyster og rådmannen sitt framlegg fekk ingen røyster.

For Lena Tveit (Bl) sitt framlegg	For Inge Aasgaard (Krf) sitt framlegg
Lena Tveit (Bl)	Inge Aasgaard (Krf)
Knut Harald Frøland (Bl)	Nils Aadland (A)
Øyvind Røen (Sp)	Olaug Øystese (A)
Monica Tjønnå (Sp)	Arild Røen (H)
Odd Arne Haga (Frp)	

FORM- 005/2018 Vedtak:

Formannskapet ber kontrollutvalget vurdere saka i kva grad Samnanger kommune har påtatt seg juridiske forpliktelser, og vurdere tidligare ordførar si rolle i saka. Samnanger kommune skal i tida fram til neste politisk behandling forsette dialog med Norges vel, samt arbeida for å prøva å få tilskot frå andre instansar til utbedring av vegen.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Det vil krevja betydelege økonomiske midlar dersom den kommunale vegen opp til Économusée Fjordtønna skal utbetrast slik at det blir god tilkomst for større bussar (turbussar). Stipulert kostnad er 1,2 – 2 millionar kroner, avhengig av kva løysing som vert valt. Ein vesentleg del av utgiftene vil truleg måtte dekkast av kommunen. Behovet for utbetring av denne vegen må sjåast opp mot mellom anna kommunen sin økonomiske situasjon og behovet for midlar til vedlikehald og utbetring av andre kommunale vegar og bygningar. På bakgrunn av dette finn ikkje kommunen å kunne prioritera midlar til å utbetra vegen opp til Économusée Fjordtønna til ein standard gir god tilkomst for større bussar (turbussar).

Kommunen vil arbeida for å prøva å få tilskot frå andre instansar til utbetring av vegen. Dersom andre instansar gir tilsegn om tilskot, vil kommunen sjå på saka på nytt.

SAKNR. 008/2018: Uttale til konsesjon og ekspropriasjon for ny transformator ved Samnanger transformatorstasjon

22.02.2018 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Nils Aadland (A) sette fram forslag om at saka vert sendt tilbake til administrasjonen, og at administrasjonen får fullmakt til å gje uttale i saka. Dette framlegget vart samrøystes vedteke.

FORM- 008/2018 Vedtak:

Saka vert sendt tilbake til administrasjonen. Administrasjonen får fullmakt til å gje uttale i saka.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune sender uttale «Uttale frå Samnanger kommune til konsesjonsøknad og ekspropriasjon for ny transformator ved Samnanger transformatorstasjon» som under vurderingar og konsekvensar.